

BERGSDALEN JORDBRUKSLAG  
v/ Helge Terje Fosse  
[post@bergsdalstunet.no](mailto:post@bergsdalstunet.no)

Bergsdalen, 12.04.2016

VAKSDAL KOMMUNE  
Samfunnsutvikling  
v/ Willy Andre Gjesdal  
[willy.andre.gjesdal@vaksdal.kommune.no](mailto:willy.andre.gjesdal@vaksdal.kommune.no)

## **TILBOD FRÅ BERGSDALEN JORDBRUKSLAG VEDRØRANDE BERGSDALEN SKULE**

Opp gjennom tidene, frå Bergsdalen skule vart teken i bruk i 1977, har bygget vore ein sentral møteplass for folket i Bergsdalen. I Bergsdalen er me opptekne av å utvikle bygda vår for framtida! Eit lite steg vart allereie teke når skulekanlegget / nærmiljøanlegget vart etablert. Skulekanlegget / nærmiljøanlegget ved skulen i Bergsdalen, samt heile Bergsdalen er å sjå som eit rekreasjonsområde, til nytte for både folk i og utanfor kommunen, samt potensielle etablerer. Noko ein bør sjå på som ein gode.

Vaksdal kommune ser det som viktig at det skjer utvikling i kommunen.

Dette bør også omfatte Bergsdalen.

I denne utviklinga er skulebygget ein stor ressurs.

Bergsdalen har gjennom tidene ytt mykje for ”storsamfunnet”, utan å krevje mykje att. Når skulen skulle byggjast fekk kommunen grunneigedommen til skulen vederlagsfritt frå grunneigarar på Lid.

Kanskje det er på tide at bygda får litt att?

Det kom eit vendepunkt i 2009 då skulen vart nedlagt. Det var ei ny oppleving å ikkje ha skule att i dalen. Difor er det viktig å framleis kunne nytte skulebygget som ein møteplass. Hadde kommunen tenkt på kva konsekvensar nedlegging av skulen ville få, skulle ein ha sett ned eit arbeidsutval for å utreia etterbruken av bygget.

Då skulen vart nedlagt vart det poengtert at det ikkje hadde noko med økonomi å gjere.

Bygdefolket fekk også lovnad om at skulen skulle ”fredast” i ti år.

Skulen bør få ei bruksendring, frå skule til samfunnshus, slik det har fungert dei seinare åra. Ei bruksendring vil også redusere behovet for opp graderingar, som er nemnt i rapporten til NorConsult.

På årsmøte i Bergsdalen Jordbrukslag i 2015 vart det vedteke eit ynskje om å inngå eit samarbeid med kommunen for vidare drift av skulebygget, slik at det også i framtida kan fungera som eit samlingspunkt i dalen.

Det politiske målet skulle tilseie at bygget skal vere til nytte og utvikling for lokalsamfunnet det ligg i!

Me ynskjer å betale leige for bruken av bygget, slik andre lag og organisasjonar i kommunen gjer.

I vårt tilbod til kommunen må det vere klart at kommunen skal ha ansvaret for bygget, men at me kan bidra med eit visst tilsyn og arbeidsinnsats. På kort sikt vil me tilby snømåking av tak, snøbrøyting av veg og vedlikehald av gjerde rundt skulen som kommunen har ansvaret for. For å reversere forfallet, kan me, i første omgang, ta arbeidet med å skifte vindauge på vestsida av skulebygget. Vaksdal kommune må halda naudsynt materiell. Bergsdalen har bygningskyndige folk som kan utføra arbeidet. Arbeidet med bygget føreset ein langsiktig samarbeidsavtale (10 år). Arbeidet med skifting av vindauge må gjerast i løpet av dei første to åra i samarbeidsavtalen. Med tanke på ein langsiktig bruk av skulebygget treng me meir tid for å finne gode løysingar. Her ynskjer me ei moglegheitsstudie i lag med Vaksdal Kommune.

Ved slutt av tidfesta samarbeidsperiode skal det stå partane fritt om samarbeidsavtalen skal forlengjast og på kva vilkår. Dersom ein avtalepart ikkje lenger finn at vilkåra for forlenging av ein samarbeidsavtale er tenleg, skal Bergsdalen Jordbrukslag ha rett til å overta skulebygningen vederlagsfritt.

Dersom Bergsdalen Jordbrukslag som grunneigarlag ikkje ynskjer dette, skal andre lag / organisasjonar av fastbuande i Bergsdalen, som ynskjer å utvikla bygningen i fellesskap og driva den til det beste for innbyggjarane i Bergsdalen, ha same retten.

Avtalen vert tinglyst.

I Bergsdalen vil ein gå i gang med å planleggje framtida. Dette er eit arbeid som omfattar etterbruk av skulen (i lag med kommunen), utredning av moglegheiter til utvikling av dalen med potensielle framtidige arbeidsplassar, som er viktig for å få til busetjing / tilflytting. Arbeidsplassar i kommunen og i nærområda er særskild viktig å få til, då det er ein av føresetnadane for at folk er villige til å busetja seg i "grisgrendte" bygder.

For å kunne arbeide seriøst med saka krev det meir tid. Bergsdalen håpar at både politikarar og administrasjonen ser på utfordringane, som både kommunen og oppsittarane står ovanfor i nær framtid.

Med velvilje frå begge sider ynskjer ein å kome fram til gode løysingar som gagnar alle.

### **Tilbodet frå Bergsdalen Jordbrukslaget er fylgjande:**

1. Me ynskjer ein samarbeidsavtale med kommunen om vidare bruk/drift av skulebygget.
2. Kommunen skal ha ansvaret for bygget, der me vil bidra med arbeidsinnsats.
3. Me ynskjer ei moglegheitsstudie saman med politikarar og administrasjonen i Vaksdal kommune, for å finne gode løysingar for skulebygget og dermed for heile Bergsdalen.

Med vennleg helsing

Styret i Bergsdalen Jordbrukslag  
Helge Terje Fosse